



**Referanser:**

**Arkivsak:** 24/02109-4

## UKM 01/24 Konstituering og forretningsorden

### 1.1 Sammendrag

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) følger reglar for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja og forretningsorden fastsett av Ungdommens kyrkjemøte. Det er Kyrkjemøtet som har vedtatt reglane for ungdomsdemokratiet og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet. Regelverket for ungdomsdemokratiet er vedlagt.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre dirigentar og nemne opp to til å vere teljekorps. Forretningsorden blei sist vedtatt av Ungdommens kyrkjemøte 2023.

### Forslag til vedtak

Den norske kyrkjas ungdomsutvalg anbefaler Ungdommens kyrkjemøte å treffe følgjende vedtak:

I. Forretningsorden Ungdommens kyrkjemøte

#### Kap. 1 Generelle avgjerder

##### § 1-1

Ungdommens Kyrkjemøte skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot Den norske kyrkja sitt læregrunnlag, jf. kyrkjeordninga § 37.

##### § 1-2 Tid og stad for Ungdommens kyrkjemøte

Ungdommens Kyrkjemøte held årlege møte. Tid og stad blir fastsett i samråd med Den norske kyrkja sitt ungdomsutval.

##### § 1-3 Medlemmer av Ungdommens kyrkjemøte

Kven som møter som delegatar og observatørar på Ungdommens Kyrkjemøte blir regulert av § 4 i Reglar for Ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkje. Delegatar og observatørar som møter på Ungdommens kyrkjemøte må vere medlemmer av Den norske kyrkja, jf. kyrkjeordninga § 40 første ledd.

##### § 1-4 Møteplikt

Delegatane og representantane med tale- og forslagsrett har frammøteplikt til alle komité og plenumssamlingar. Fråvær i komité eller plenum skal godkjennast av høvesvis komitéleiaren eller dirigentskapet etter skriftleg søknad i forkant av sesjonen, med unntak av akutte hendingar.

### § 1-5 Invitasjon av gjestar

Ungdommens kyrkjemøte kan gi gjestar og andre inviterte talerett.

### § 1-6 Protokoll

Det blir ført protokoll frå Ungdommens kyrkjemøte som blir sendt alle oppmøtte delegatar og observatørar. Protokoll blir sendt bispedømmeråd og organisasjonar som er inviterte til Ungdommens kyrkjemøte. Protokollen blir godkjent av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval på deira første konstituerande møte.

## **Kap. 2 Saker til behandling**

### § 2-1 Melding av saker

Følgjande instansar kan melde saker for behandling av Ungdommens Kyrkjemøte.

- Den norske kyrkjas ungdomsutval
- Kyrkjerådet
- Ungdomsråda i bispedømme
- Organisasjonar som er invitert til å sende delegat til Ungdommens kyrkjemøte
- Ungdommens kyrkjemøte

Andre som ønsker å melde saker til behandling, må gjera det gjennom en av de nemnde instansar.

### § 2-2 Meldefrist

Saker som blir ønskte behandla må meldast Den norske kyrkjas ungdomsutval senast 14 ukar før møtet. Skriftleg grunngiving for saka må til same tid meldes til Kyrkjerådets sekretariat. Den norske kyrkjas ungdomsutval kan etter eiga vurdering føya til saker som kjem opp etter nemnde frist.

### § 2-3 Førebuing og møteinnkalling

Den norske kyrkjas ungdomsutval fremmar, førebur og tilrettelegg saker som skal behandlast av Ungdommens Kyrkjemøte. Invitasjon til Ungdommens kyrkjemøte sendes seinast 6 månader før møtestart. Saksliste og saksdokument skal sendes dei som er påmeldt 4 ukar før møtets start. I særlege tilfelle kan saksdokument ettersendast. Det blir gjort greie for saker som er melde til behandling, men som ikkje er sett opp på sakslista. Kyrkjerådet og Den norske kyrkjas ungdomsutval har det praktiske ansvaret for gjennomføring av møtet.

## **Kap. 3 Opning og konstituering**

### § 3-1 Opning og registrering

Ungdommens Kyrkjemøtets opning blir gjord av Den norske kyrkjas ungdomsutval sin leiar, som også leier møtet fram til dirigentskapet er valt. Kyrkjerådets sekretariat sørger for registrering av møtedeltakarar.

### § 3-2. Dirigentskap

Møtet blir leidd av tre dirigentar med personleg vara. Desse skal fortrinnsvis vera medlemmer av Ungdommens Kyrkjemøtet. Begge kjønn skal vera representert. Dirigentskapet blir valt med alminneleg fleirtal. Kyrkjerådets sekretariat har ansvar for oppteljninga. Dirigentskapet overtar leiinga av møtet så snart valet er avgjort.

Møteleiinga har plikt til å leiga forhandlingane i tråd med dei reglane som til kvar tid gjeld for Ungdommens kyrkjemøte jmf § 36 i kyrkjeordninga og vanleg møteskikk.

### § 3-3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Dirigentskapet leier godkjenning av innkalling og saksliste og dessutan behandlingsform for møtet. Under konstitueringa kan medlemmer fremme forslag om ekstra saker til behandling, såframt det kan godtgjerast at sakene er ført til av ein kyrkjeleg og/eller samfunnsmessig situasjon som ikkje gjaldt då meldingsfristen for saker gjekk ut. Forslagsstillaren blir gitt høve til ei kort

saksorientering med grunngiving, før Ungdommens Kyrkjemøtet avgjer om saka skal komma til behandling. Minst 2/3 av Ungdommens Kyrkjemøtet må gi si tilslutning til dette. Slike saker skal normalt komitébehandles på vanleg måte.

#### § 3-4 Teljekorps

Når møtet begynner, skal det oppnamnas eit teljekorps bestående av 2 representantar frå sekretariatet som under møtet rettar seg etter tilvisingar frå møteleiinga.

#### § 3-5 Valkomité

Ungdommens kyrkjemøte veljar ein valkomité som skal førebu valet av Den norske kyrkja ungdomsutval, deriblant leiari, representantar til Kyrkjemøtet og ny valkomité på det påfølgjande møtet. Valkomiteen består av to valgte delegatar frå Ungdommens kyrkjemøte samt eit medlem som oppnemnast av Den norske kyrkjas ungdomsutval. Valkomiteens medlemmar er utestengt frå val til Den norske kyrkjas ungdomsutval og representant frå Ungdommens kyrkjemøte til Kyrkjemøtet påfølgjande år. Ungdommens kyrkjemøte fastsett nærmare retningslinjer for valkomiteen.

### **Kap 4 Dagsorden**

#### § 4-1 Dagsorden

Ungdommens Kyrkjemøte arbeider dels gjennom plenumssamlingar og dels gjennom komitear. Ungdommens Kyrkjemøtet fattar vedtak om dagsorden. Forslag om endra dagsorden blir framlagt for og blir sett fram av dirigentskapet. Forslaget om endra dagsorden skal vera grunngitt.

### **Kap. 5 Komiteane**

#### § 5-1. Komitesamansetning

Sekretariatet i Kyrkerådet set saman komiteane.

#### § 5-2 Komiteleing

Den norske kyrkjes ungdomsutval veljar komitéleiar. Ved uforutsette hendingar veljar AU ny leder. Leiaren har ansvar for å koordinere arbeidet i komiteen. Komiteane veljar saksordførarar til dei enkelte saker.

#### § 5-3 Komitéens arbeid

Møta til komiteen er lukka. Komiteen vel den arbeidsforma og organiseringa som ein finn mest tenleg, for eksempel skiping av underkomitear. Komiteen kan innhenta utsegner. Kvar komité skal ha nødvendig sekretærhjelp.

#### § 5-4 Innstilling

Saker behandlast vanlegvis minst to gangar i komiteen, og skal resultere i ein kortfatta skriftlege innstilling til Ungdommens Kyrkjemøte. Innstillinga skal innehalde komiteens merknadar for det eller de forslag som framleggast. I saker der komiteen er delt, har mindretalet rett til å ta inn grunngivinga si og alternative forslag som ein del av innstillinga. Fleirtalet og mindretalet skal ha like lang taletid i plenum. For at ein komité skal vere vedtaksfør, må 2/3 av medlemmane vere til stades.

### **Kap. 6 Plenum**

#### § 6-1 Tidsfristar i plenum

I saker som har vært behandle i en av komiteane, skal innstilling føreligge utdelt før sesjonen begynner.

#### § 6-2. Behandlingsform

Ungdommens Kyrkjemøte vedtar behandlingsform for dei enkelte saker. Saker skal som hovudregel komme til behandling i minst to åtskilte plenumssamlingar. Innstillinga frå komiteane framleggast i plenum av saksordførar eller et annet

medlem av komiteen.

### § 6-3. Endringsforslag

Forslag som ein delegat eller observatør ønsker å få tatt opp til votering, skal givast dirigentskapet skriftlege på papir eller ved bruk av elektronisk møtesystem straks etter at det er set fram, påført forslagsstillars namn. Endringsforslag skal vere fremma i første plenumsbehandling, normalt i starten av debatten. Nye forslag skal som hovudregel ikkje fremma i seinare plenumsbehandlingar, med mindre det rører eit punkt i forslaget komiteen har til vedtak som er nytt i forhold til første plenumsbehandling.

## **Kap 7 Om debatten**

### § 7-1 Innlegg og replikk

Under debatt i plenum tillatast to replikkar og éin svarreplikk i samband med kvart innlegg. Innlegg til dagsorden, forretningsorden, voteringsorden eller for oppklaring av openbart misforståing får ein ved å visa stemmeteikn og seia "til dagsorden", "til forretningsorden", "til voteringsorden" eller "til oppklaring av openbart misforståing". Slike innlegg skal sleppast til utanom talarlistene, og berre omhandla saksbehandlinga, ikkje sjølve saka. I behandlinga av sakene på sakslistene, kan dirigentskapet la representant for komiteen, Den norske kyrkjas ungdomsutvals leiar og representant frå sekretariatet sleppa til utanom talarlista for å svara på spørsmål eller oppklaring av misforståingar. Forslag i saksspørsmål som ikkje gjeld dagsorden, forretningsorden eller voteringsorden, skal formest skriftlege og leverast dirigentskapet.

### § 7-2 Taletid

Dirigentskapet skal, når det er påkravd, regulere taletid og høve til replikk. Når dirigentskapet ønskjer å setje strek, skal ein kunne teikne seg under innlegget til den neste talaren. Forslag om å avbryte ei sak, oppheve at strek er sett eller gå direkte til røysting, skal takast direkte opp til votering. Før dirigenten set strek for ein debatt, må alle forslag som det skal voterast over, vera presentert, og talarlistene skal refererast.

### § 7-3 Røysteplikt

Delegatar til Ungdommens kyrkjemøte har røysteplikt. Ungdommens kyrkjemøte kan vedta å fråvike dette prinsippet i enkeltsaker. Delegatar frå organisasjonane kan avstå frå røysting der organisasjonen har fatta eit vedtak som gjer at røysting er vanskeleg.

### § 7-4 Om avstemmingar

Før ein går til votering, gjer dirigentskapet greie for voteringsordenen. Dirigentskapet avgjer voteringsordenen i samsvar med god møteskikk, slik at forslag blir tekne opp til votering i logisk rekkjefølgje. Røysting skal gjennomførast ved at det blir vist røysteteikn, ved skriftleg røysting eller ved bruk av elektronisk møtesystem. Det kan berre røystast ved personleg frammøte. Vedtak skal ha alminneleg fleirtal.

### § 7-5 Avstemmingar ved personval

Ved personval er den eller dei valt som har fått meir enn halvparten av dei gitte røystene (alminneleg fleirtal). Om ingen eller eit for lågt tal får slikt fleirtal, blir ein ny røysting gjennomført. Om ingen eller eit for lågt tal får slikt fleirtal etter andre røysting, blir nok ein røysting gjennomført. Ved denne er den eller dei valt som har fått flest stemmer (simpelt fleirtal).

Vararepresentantar til Kyrkjemøte veljast i egen valrunde, og veljast ved simpelt fleirtal. Ved val er det møteleiinga som fastsett voteringsordenen.

## **Kap 8 Andre avgjerder**

### § 8-1 Representantar til Kyrkjemøtet

Ungdommens kyrkjemøte sender fire representantar med tale- og forlagsrett til å delta på Kyrkjemøtet. Representantane veljast blant delegatane til Ungdommens kyrkjemøte etter tilråding frå valkomiteen. Ungdommens kyrkjemøte veljar òg vararepresentantar frå Ungdommens kyrkjemøte til Kyrkjemøtet i ein særskilt røysting med simpelt fleirtal.

§ 8-2 Endring av forretningsorden

Endringar i denne forretningsorden krev 2/3 fleirtal.

§ 8-3 Ferdigstilling av protokoll

Sekretariatet i Kyrkjerådet får fullmakt til å rette skrivefeil og til å gjere redaksjonelle endringar i protokoll frå Ungdommens kyrkjemøte.

II. Til dirigentskap på Ungdommens kyrkjemøte veljast:

Christian Heidisønn Klaussen, Den norske kyrkjes ungdomsutval/Sør-Hålogaland

Vanja Joramo, Den norske kyrkjes ungdomsutval/Hamar

Delegat frå Ungdommens kyrkjemøte 2024

III. Til teljekorps under Ungdommens kyrkjemøte oppnemndas to ungdomsrådgiøvera som er til stades i møtesal under oppteljing.

## Saksorientering

### Bakgrunn

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) følgjer reglar for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja og forretningsorden fastsett av Ungdommens kyrkjemøte. Det er Kyrkjemøtet som har vedtatt reglane for ungdomsdemokratiet og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet. Regelverket for ungdomsdemokratiet er vedlagt denne saka og er grunnlaget for forretningsorden.

Forretningsorden ble sist vedtekt av Ungdommens kyrkjemøte 2023.

Den norske kyrkjes ungdomsutval legger frem saker til Ungdommens kyrkjemøte. Til denne saka blir det lagt fram forslag til en forretningsorden som ble vedtatt på Ungdommens kyrkjemøte 2023. Strukturen bygger på Kyrkjemøtets forretningsorden.

Ungdommens kyrkjemøte skal i denne saka velje tre til å være dirigentskap og det skal være oppnemnd to til å vere teljekorps. Dirigentskapet leier plenumssamlingane og står for møteleiinga. Teljekorpset skal etter forslag til ny forretningsorden være oppnemnd av UKM blant tilsette og sekretariat.

Den norske kyrkja sitt ungdomsutval har foreslått to medlemar av dirigentskapet.

### Økonomiske/administrative konsekvenser

Det er ingen administrative eller økonomiske konsekvenser av forretningsorden.